

Om å ta vare på villreinen på Hardangervidda

Me er no komne fram til det verkeleg dramatiske og triste: **Skal me ha villrein på Hardangervidda eller ikkje?** Tida er over for festtalar om internasjonalt ansvar for å ta vare på villreinen som det så vakkert heiter. Det er dags for fysiske og lovmessige tiltak som avgrensar og reverserar menneskelig aktivitet i dei mest sårbare områda. Grunnlagsmateriale gjennom kvalitetsnorm, dyreposisjonar, beitegranskningar, ferdselsstatistikkar, kalvevekt, generell kondisjon ++ finst i rikeleg mon. Alt det gode forskingsarbeidet som er gjort må omgjerast i praktisk handling og nyttige gjeremål. (jfr mykje av arbeidet til reinforskar Olav Strand)

Noko som er viktig å ha i tankane er at **all menneskeleg aktivitet er til hinder for villreinen.** Sjølv sagt kan me ikkje stengja vidda hermetisk for folk/turistar eller næringsvirksomhet, men for visse delar av vidda må det innførast sterke restriksjonar, i alle høve i vitale delar av året. Til dømes før og etter kalving, i kalvingsperioden, etter kalvinga, og vår/forsommar då dyra er svært svekka og utmagra etter ofte ein beinhard vinter.

Det er for meg eit utruleg stort paradoks at den flotte Hardangervidda med sin frodige natur kjem ut med raude tal på alle parametra i kvalitetsnorma. Og kvifor er mesteparten av reinen samla i ei stor klynge på den sør-austlege delen av vidda nesten heile året?

Svaret er nok samansett, men ein hovudgrunn er uansett at reinen vert så mykje uroa at han ikkje får nytta store og viktige område av vidda. Berre sporadisk er han på vitjing i dei nærings- og mineralrike områda i vest i kommunane Eidfjord og Ullensvang.

Snittvekta på kalvane var i fjor 11,4 kg. Korleis kan desse stakkarane overleva neste vinter med dårlege beiteforhold, klimaendringar og enorm auke i menneskeleg aktivitet? Eg berre spør!

Eller kor mange snøskuterturar er det nødvendig å gje løyve til for å få inn ved og hermetikk til både DNT-hytter og private?

Norge har som det så fint heiter eit nasjonalt ansvar for å ta vare på den resterande villreinstamma i Europa. (jfr Bernkovensjonen av 1.juni 1982). Dette ansvaret må ikkje berre bli fagre ord, men nyttige og vitale vedtak som får praktisk betydning.

Mange er no opptekne av storleiken på villreinstamma. Der gjer ingen ting om den er låg over ein del år. Det som derimot er viktig er at dyra får nytta større delar av vidda, samstundes at dei får mest mogeleg fred. Då vil etter kvart både kondisjon og bruk av nye beiteområde gradvis bli betre.

I Vestland fylke er det no slik at snøskutersesongen drøyer heilt til og med første helga i mai. Korleis kan då t.d. fostringsflokkane få høve til å kalva i Valldalsområdet? Ein fostringsflokk treng lang tid i føreveg for at dyra «godkjenner» området som ein god stad å kalva. I denne tida er dei ekstremt vare for menneskelege aktivitetar. I tillegg til god tid i etterkant for å ta vare på kalven. Mi meining er at snøskutertrafikken har eksplodert og er heilt ute av proporsjonar. **Dette gjeld som sagt både DNT og private.**

Allemansretten gjeld framleis. Men den må aldri gå så langt at personlig egoisme og higen etter sære naturopplevingar går ut over flora og fauna. Det er det som er i ferd med å skje på Hardangervidda og nasjonalparken no. Den lokale forvaltinga har etter mi meining spelt falitt, og det må etablerast eit **nasjonalparkstyre** med overordna ansvar for flora og fauna. Slik det er i dei fleste andre nasjonalparker. Det er ikkje CWD som er årsak til at villreinen er hamna i den fortvila situasjonen han er, men eit konglomerat av ymse næringsinteresser, div. utval, DNT, private snevre synspunkt, mangelfull kunnskap i mange politiske miljø osv. Aldri har ordtaket «mange kokkar, mykje søl» passa betre.

Det må gjerast strenge tiltak både på stutt og lang sikt skal villeinen på Hardangervidda ha livets rett. På lang sikt må heile løypenettet reviderast med flytting av turisttrafikken til randsonene. Fleire turisthytter (Hellevassbu, Litlos, Sandhaug, Besså, Torehytta) må flyttast ut av «sentrum» til meir perifere område. Denne aksen midt over Hardangervidda er som ein kinesisk mur for villreinen. Reinen er, og har alltid vore, eit nomadisk dyr med trong for store område for å overleva som art. Han er sky for folk, og det skal han vera. At han ikkje er redd for folk og lukt som nokon hevdar, er så dumt at det ikkje er til å ta seriøst.

Kvifor flytter samane flokkane sine kvart år til nye beiteområde? Eg vil tru at det er mellom anna for å kvila vinterbeitet, hindra sjukdom og finna absolutt fred for dyra i kalvingsperiode.

Det same må skje på Hardangervidda skal villreinen der bli ein robust art med gode framtidsutsikter. Viss ikkje er det like godt med full og kjapp nedskyting i staden for ei lang og brutal tid med enorme pinsler over år.

Apropos CWD. Eg har vore på mange møte vedr. årsak til CWD. Mange teoriar er lanserte, men ingen veit sikkert. Mellom anna dette med gnaging på gevir. Min teori, som bør vera like god som nokon annan, er at dyra ikkje får nok tilgang på dei gode og mineralrike beiteområda i vest. Og med det får underskot på vitale mineral og dermed over tid ei svekking fysisk sett. Pluss alt stresset grunna all den menneskeleg aktiviteten som går føre seg.

I 2021 kom villreinen på raudlista og karakterisert som nær truga. Det burde vel heller vore slik at situasjonen tilseier karakteristikken utryddingstrua.

I notat frå Norsk Villreinsenter av 6/2018 er det lista opp føreslegne villreinfaglege fokusområde på Hardangervidda: Riksveg 7, Hellevassbu/Litlos, Haukelifjell og Trolltunga. Dette er alle gode forslag, men eg saknar eitt svært viktig område som burde få same status, nemleg **Valldalsregionen**.

Som eg har skrive og uttalt i mange fora tidlegare har Valldalen alltid vore - er – og vil alltid vera eit viktig område for villreinen. Einaste forutsetninga er at reinen for nok fred til å vera i området. Det er akkurat i denne samanheng eit definert fokusområde i Valldalsregionen kan gjera ein stor forskjell.

Eg har som sagt gjennom mange innlegg og skriv teke til orde for kvifor Valldalen er eit viktig villreinområde. Og det blir ikkje mindre viktig i framtida no med skrantesykje og tiltak for at den resterande villreinstamma skal få nytta større delar av Hardangervidda. Med Valldalen som fokusområde vil ein kunna innføre sterke tiltak som periodevis ferdselsforbod både av turistar og private.

På stutt sikt og umiddelbare tiltak vil eg føreslå:

1. Totalt ferdselsforbod i området som ligg innafor Hardangervidda nasjonalpark i Vestland fylke
2. Ferdselsforbodet gjeld både turistar og private, dvs. felles dugnad
3. Tidsrom frå og med søndag etter påske og fram til 1.juli, men ideelt sett endå lenger
4. Berre dispensasjon for ambulanse/naudhjelp

No er det dags å snu på flisa. Det er ikkje villreinstamma på H.vidda som må forvaltast, men all den menneskeleg aktivitet som går føre seg der. Så vil reinsdyra greie seg fint.

Røldal, 14.mai 2023

Mh

Nils Åge Sandal (reinsjeger på H.vidda i snart 60 år)

Røldal